

KOMMISJONSDIREKTIV 95/15/EF

av 31. mai 1995

om tilpassing av rådsdirektiv 89/647/EØF om kredittinstitusjoners kapitaldekning med omsyn til den tekniske definisjonen av «sone A» og vektlegginga av aktiva som er krav med uttrykkeleg garanti frå Dei europeiske fællesskapa(*)**(Tekst som er relevant for EØS)****KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESKAPA HAR-**

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fællesskapet,

med tilvising til direktiv 89/647/EØF av 18. desember 1989 om kredittinstitusjoners kapitaldekning⁽¹⁾, endra ved direktiv 92/30/EØF⁽²⁾, særleg artikkel 9, og

ut frå desse synsmåtene:

I artikkel 2 nr. 1 andre strekpunktet i direktiv 89/647/EØF er «sone A» definert som «alle medlemsstater og alle andre land som er fulle medlemmer av Organisasjonen for økonomisk samarbeid og utvikling (OECD), og land som har inngått særavtaler om lån med Det internasjonale valutafond (IMF) innanfor rammen av fondets generelle låneordningar (GAB)».

Til no har fullt medlemskap i OECD vore sett på som det høvelegaste kriteriet for å vurdere skilnader i kredittrisikoen mellom statar når det gjeld vektlegginga av aktiva som er krav på eller uttrykkeleg er garanterte av desse statane.

Fleire statar har nådd eit høgare utviklingsnivå og oppnådd demokratisk og økonomisk fridom i samsvar med dei allmenne prinsippa for medlemskap i OECD, noko som fører til at talet på fulle medlemmer av OECD aukar.

Av tilsynsomsyn er det viktig at alle dei statane som høyrer til «sone A», held fram med å vere kredittverdige. Difor bør det takast med eit kriterium til i definisjonen av «sone A». Dette kriteriet skal ha til følge at ein stat som reforhandlar den statlege utanlandsgjelda si, skal stengjast ute frå «sone A» i eit tidsrom på fem år. Det same kriteriet er teke med i Basel-avtala om kapitaldekning, og det er ønskjeleg at det er samsvar mellom fællesskapsføresegnene og denne avtala.

I artikkel 9 nr. 1 andre strekpunktet i direktiv 89/647/EØF er det fastsett at tekniske tilpassingar som gjeld endring av definisjonen

av «sone A» i artikkel 2, skal vedtakast etter den framgangsmåten som er fastsett i artikkel 9 nr. 2.

Då direktiv 89/647/EØF vart vedteke, vart det ikkje rekna med at lån kunne verte uttrykkeleg garanterte av Dei europeiske fællesskapa. Difor vart det ikkje uttrykkeleg fastsett i direktivet at vektlegginga kunne reduserast, og følgjeleg har slike aktiva som er garanterte av Dei europeiske fællesskapa, no ei vektlegging på 100 %.

I artikkel 6 nr. 1 bokstav a) nr. 3 og 7 i direktiv 89/647/EØF er det likevel fastsett at nullvektlegging kan nyttast for aktiva som er krav på Dei europeiske fællesskapa, og for aktiva som dei rette styresmaktene meiner at det er stilt fullnøydande trygd for i form av verdipapir utferda av Dei europeiske fællesskapa.

Det er ikkje høveleg å nytte ei vektlegging på 100 % for aktiva med uttrykkeleg garanti frå Dei europeiske fællesskapa, og nullvektlegging bør nyttast for å sikre samsvar med artikkel 6 nr. 1 bokstav a) nr. 3 og 7.

I artikkel 9 nr. 1 fjerde strekpunktet i direktiv 89/647/EØF er det fastsett at tekniske tilpassingar som gjeld endring av definisjonen av dei aktivaa som er oppførde i artikkel 6, for å ta omsyn til utviklinga på finansmarknadene, skal vedtakast etter den framgangsmåten som er fastsett i artikkel 9 nr. 2.

Dette direktivet er relevant for Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet (EØS), og den framgangsmåten som er fastsett i artikkel 99 i avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, har vorte følgd.

Dei tiltaka som er fastsette i dette direktivet, er i samsvar med fråsegna frå Det rådgjevande utvalet for bankspørsmål -

VEDTEKE DETTE DIREKTIVET:**Artikkel 1**

I artikkel 2 nr. 1 i direktiv 89/647/EØF vert den følgjande setninga lagd til i andre strekpunktet:

(*) Denne EF-rettsakten, kunngjort i EFT nr. L 125 av 8. 6. 1995, s. 23, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 69/95 av 15. desember 1995 om endring av EØS-avtalens vedlegg IX (Finansielle tjenester), se denne utgaven av EØS-tillegget til De Europeiske Fællesskaps Tidende.

(1) TEF nr. L 386 av 30.12.1989, s. 14.

(2) TEF nr. L 110 av 28.4.1992, s. 52.

«Land som reforhandler sin statlige utenlandsgjeld, skal imidlertid utelukkes fra «sone A» i et tidsrom på fem år.»

Artikkel 2

I artikkel 6 nr. 1 bokstav a) i direktiv 89/647/EØF skal nr. 4 lyde:

«4. eiendeler i form av fordringer med uttrykkelig garanti fra sentrale myndigheter eller sentralbanker i sone A eller fra De europeiske fællesskap.»

Artikkel 3

1. Medlemsstatene skal setje i kraft dei lovene og forskriftene som er naudsynte for å rette seg etter artikkel 1 i dette direktivet, innan 30. september 1995. Dei skal straks melde frå til Kommissjonen om dette.

Når desse føresegnene vert vedtekne av medlemsstatane, skal dei ha ei tilvising til dette direktivet, eller det skal visast til direktivet når dei vert kunngjorde. Medlemsstatane fastset korleis tilvisinga skal gjerast.

2. Medlemsstatane skal straks melde frå til Kommissjonen om dei tiltaka som er gjorde i medhald av artikkel 2 i dette direktivet.

Artikkel 4

Dette direktivet tek til å gjelde 20. dagen etter at det er kunngjort i Tidend for Dei europeiske fællesskapa.

Artikkel 5

Dette direktivet er retta til medlemsstatane.

Utferda i Brussel, 31. mai 1995.

For Kommissjonen

Mario MONTI

Medlem av Kommissjonen